

Asgeir Helle
Cappes vei 16
5018 Bergen
e-post: asgeir18@online.no
mobil 95779834
*Eigar av gnr. 118 /bnr. 2,
Tjukkhetla, Lindås kommune*

Statens Vegvesen Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

INNSPEL – OPPSTART AV PLANARBEID FV. 57 LINDÅS TETTSTAD-MONGSTAD

Saksnummer 2014115979

Først vil eg takke for at det er i gangsett arbeid med utbetring veg og gang- og sykkelveg på eksisterande fylkesveg 57 strekninga Lindås tettstad – Mongstad. For oss som brukarar av denne vegen er det per dags dato om lag uråd å nytte vegen som mjuk trafikant.

Eg vil gjerne få kome med ei opplysning og nokre kommentarar når det gjeld planarbeidet:

Historisk vegbit

På garden vår Tjukkhetla - gardnr. 118, bruk nr. 2 er det restar av den første kommunale vegen i Hordaland. Det første ordinære møtet i Heradstyret i Lindås vedtok 1. mai 1838 å byggje kommunal veg frå Lindås kyrkje til botnen av Rossnesvågen. Vegen var 4 alen brei. Av denne vegen som opphavelig var ca. 3 km, står det i dag att omlag 200 meter. Denne vegbiten frå 1838 er her i bra stand, og den går parallelt på vestsida av Fv.57 frå utkjørsel frå bruk 2/gnr. 118 og nordover berre nokre få meter vest for Fv.57.

Den vegstasjonen som enno fins, bør få status som kulturminne og ikkje bli skadd eller bygd om under anleggsarbeidet. Kanskje det bør komme opp eit skilt som fortel om denne historia. Derfor er eg vart svært nøgd med at ny gang og sykkelveg skal leggjast aust om eksisterande veg.

Kjelder:

Karl Sjursteh: *Lindås Herad kommunalsoge 1837-1937*, side 13-14. (1943).

Arvid Skogseth: *Bygdebok for Lindås*, band 4, side 232. (2009).

Ifølge Sjursth og Skogseth er dette den første kommunale vegen som er bygd i Hordaland. Sjurseth har med heile vedtaket frå 1838.

Kommentarar:

1.

Våningshuset og løa ligg i dag svært nære riksvegen. Dette gjev ein del støyplagar i våningshuset. Når arbeidet startar opp, ville det vere fint om det kunne gjerast støymåling i huset og sjå om det er grunnlag for støyskjerming.

2.

Gardane på Tjukkhetla vert delt av Fv.57 slik at alle brukar har både innmark og utmark på begge sider av vegen. Det ville difor vere stor lette for alle brukarane om det kan vurderast trafikksikringstiltak all den tid alle brukar må krysse fylkesvegen for å kome over til andre sida av garden.

3.

Det går mange elektriske kablar i luftrommet over vår gard. Det ville vere gunstig for oss og gje økonomiske vinstar om dei straumførande kablane vert lagt i jord samstundes med vegutbetringa.

4.

Alle brukar på Tjukkhetla har naust på austsida av Rossnesvågen. Ved utfylling av masse inst i vågen, er det viktig å ta omsyn til naustumiljøet.

Med helsing

Asgeir Helle

PS

Dette blir berre sendt som vedlegg til e-post

DS